

Olaf Michal Hella  
Kvassnesvegen 77  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2348 - 19/31720

Saksbehandlar:  
Ketil Mikkelsen  
ketil.mikkelsen@lindas.kommune.no

Dato:  
28.10.2019

## Svar - Overvatn og grøftrens - Kvassnesvegen 77

Hei,

Visar til Dykkar melding til Postmottak, om problem med overvatn i Kvassnesvegen 77.

Dykkar bustad ligg nedst i nedslagsfeltet, og vatnet renn naturleg mot lågaste punkt. Intens nedbør i kombinasjon med at grunneigarar opparbeider tette flater (asfalt, belegningsstein, skifer, etc) inn mot kommunal veg, resulterer ofte i overvannsproblem inne på privat grunn. Reglane omkring kven som «eig» overvatnet er uklære, men grunneigar har ansvar for å handtere vatnet i avkjørsle i form av stikkrenne, rist eller tilsvarende. Dette vert det stilt krav om både i kommunen sin vegnorm og i «Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg»:  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1964-07-16-3905>

Ved Kvassnesvegen 75 og 77 eksisterar det, etter det eg kan sjå, ikkje overtatt kommunalteknisk anlegg for handtering av overvatn. Vegavdelinga har heller ikkje overtatt vegen for kommunal drift. Det finst kommunalteknisk overvannsanlegg ved Kvassnesvegen 67. For året 2019, så tillet ikkje økonomien av vi gjer noko ift oppgraving og sandfangskum her, men vi vil vurdere det for driftsåret 2020. Eg melder behov for grøftereinsk til driftsavdelinga. I tillegg tilrår vi at du tar grep langs eigen eigedom og avkjørsel.

Med helsing

Ketil Mikkelsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:



**Mottakarar:**  
Olaf Michal Hella

Kvassnesvegen 77 5914

ISDALSTØ